

## Tilvenningsveker våren 2024.

Alle FUS-barnehagane har ein felles standard for tilvenning som vi forpliktar oss til å følgje. Dette er ein standard som skal ligge til grunn for tilvenning for nye barn, tilvenning for barn som skal flyttar mellom avdelingar og for førskuleborna sin overgang frå barnehage til skule.

Mål for tilvenninga er: *(henta frå FUS standard for tilvenning)*

- at tilvenningen tilpasses hvert enkelt barns behov i tett dialog med barnets foresatte
- at personalet gir barna trygghet gjennom god omsorg
- at alle medarbeidere har kunnskap om trygg tilvenning og tilknytning
- at alle barnehager har gode rutiner for tilvenning og følger disse
- at alle barn er trygt tilknyttet minst en voksen på sin avdeling / base
- at foresatte har tillit til personalet og opplever at det er trygt å levere barnet i barnehagen
- en foreldreaktiv tilvenning

Barnehagen skal: *(henta frå FUS standard for tilvenning)*

- sette av god tid til tilvenning for alle barn
- gi foresatte informasjon om barnehagens rutiner for oppstart og tilvenning og bakgrunn for rutinene
- ha tett dialog med barnas foresatte i tilvenningsperioden

### **Slik gjer vi det:**

Vi vil i løpet av våren sette av fire veker som vi kallar tilvenningsveker. I desse vekene vert barnet levert og henta på den avdelinga dei skal vere på til hausten.

veke 3, 12, 16 og 25

PS! Vi har pr. no ikkje klart for oss kor ungane skal vere til hausten. Dette skal vi lande ila januar 2023.

**Førskuleborna:** skal vere på Glimmer (?) og ha skuleforberedende aktivitetar. Dei skal ha opplegg med besøk på skulen og forhåpentligvis førskulegruppa frå Årøyhaugen. (sjå eigen plan på [fus.no/lande](http://fus.no/lande))

Resten av barnegruppene har vi ikkje landa anno.

I tilvenningsvekene endrar vi på personalet på avdelingane slik at gruppa er saman med fleire vaksne dei kjenner og er trygge på. Det skal vere ein kjend vaksen på tidlegvakt slik at det vert tryggast mulig for barna å bli levert på ny stad.

Fredagen før tilvenningsveka må foreldra ta med klede og utstyr heim, for so å ta det med tilbake og plassere det på den avdelinga barnet skal vere etter helga. Barna vil få namne-merka plassa på den nye avdelinga si.

## Mål:

For 2021-barna vil målet med tilvenningsperioden vere følgande:

1. Barnet skal bli trygg på nye vaksne
2. Barnet skal bli kjent med dei fysiske romma på den avdelinga dei skal byrje i, og bli trygg på å orientere seg der
3. Barnet skal bli kjent med dei andre barna på avdelinga og inkludert i leiken med dei
4. Foreldre skal informasjon om kvardagen på avdelinga og forberedes på overgangen frå småbarn til storbarn.

For 2020-barna vil målet med tilvenningperioden vere følgande:

1. Barnet skal bli kjent med dei nye barna som kjem til avdelinga
2. Barnet skal øve seg på å inkludere dei nye barna i leiken sin
3. Barnet skal oppleve gruppetilhørighet med den «nye» avdelingsgruppa

For 2019 barna vil målet for tilvenningsperioden vere følgande:

1. Bli kjent med og trygg på alle dei vaksne
2. Bli betre kjent med dei andre 2019-barna og oppleve glede i leik, aktivitet og samspel med resten av gruppa

For førskulebarna vil målet for tilvenningsperioden vere følgande:

1. Etablere seg som «ei» gruppe
2. Drive med førskuleforberedende aktivitetar jamfør eigen plan for førskulegruppa

